



Tingvoll, 10.1.2019

Tingvoll kommune

### **SPØRSMÅL OM SKILTING – PURRING PÅ PURRING PÅ PURRING**

Vi viser til dykkar sak 2008/552-25 og vårt brev seinast av 16.3.2017.

Vi gjer merksam på at vi tok opp denne saka første gongen ved brev av 1.2.2010. Vi har purra på saka ved brev av 23.9.2016 i tillegg til i 2017.

Dei som driv friluftsliv har rettar etter friluftslova. Det offentlege, veldig ofte kommunen, har ansvar for at desse rettane som lova gjev ikkje smuldrar bort.

I denne saka er hovudspørsmålet om kommunen som mynde har gitt løyve til å avgrense allmenta frå eit område som er ope for friluftsliv i utgangspunktet, eller om nokon har tatt seg til rette med skilting og utestenging utan løyve. Viss skiltinga skal vere gyldig, må det vere eit vedtak som fører til ein arkivsak hos kommunen og fylkesmannen. Vi har spurd om eit slikt vedtak finst. Kommunen har ikkje lagt noko slikt dokument på bordet.

Vi trur ca. 9 år med ettersøksarbeid etter eit eventuelt vedtak no bør avsluttast. Vi som driv med friluftsliv ønskjer ikkje å rive ned slike skilt. Det bør kommunen etter friluftslova gjere. Så no ventar vi at kommunen anten vedtar ei forskrift som seier at noko areal i dette området kan skiltast som privat, eller ordnar så skiltinga ikkje held folk unna å bruke undergangen og dei områda på nordsida som er eigna til friluftsliv.

Naturvernforbundet kjem ikkje til å gå til søksmål mot nokon for at skiltet skal bli fjerna. Men vi ser det slik at Tingvoll kommune ikkje har høve til å abdisere frå sitt ansvar som mynde etter friluftslova. Vi reknar med at Sivilombodsmannen kanskje kan hjelpe oss om vi ikkje får denne saka avklara no.

Med helsing

Øystein Folden